

TEMA: Embetsmennene ①61, Folkekunsten ①127  
KART: ④438

# Fjelberg

## GUNDER GUNDERSEN HANDELAND

### Skulehaldar, kyrkjjesongar og rosemålar

GUNDER GUNDERSEN HANDELAND (1794–1871) er den fremste av rose-målarane i Sunnhordland. Han er ein klas-sisk representant for humanisten og kunst-naren i lokalsamfunnet på 1800-talet.

Gunder Handeland var fødd på ein husmannsplass under offisersgarden på Handeland, litt sør for Vålen. Han var ein gåverik ung gut og vart tilsett som om-gangsskulelærar og klokkar ved Eid kyrkje på Halsnøya i 1816. Det er ikkje vanskeleg å tenkja seg at han i tidlege ungdomsår fekk nytta godt av den bokelege lærdomen i stovene på embetsmanns-garden. Gunnar gifte seg i 1821, og nokre år seinare bygsla han plassen Skorven under øvre Sæbo på Halsnøya. I ein heil mannsalder dreiv han flittig som målar for å skøyta på klokkarløna: kister og skåp, tiner og skrin, korger, skåler og krus er prydde med fargerike variantar av roser, tulipanar og blomeurner.

Det er dei kraftige formene og fargane på barokken som særpregar stilen til Gunder Handeland, måla med fast og sikker hand. Han la særleg sin elsk på «kartusj-motivet»; eit dekorativt omram-mingsmotiv frå renessansen, ofte prydd med symmetrisk stilte roser kring ein stor tulipan. Dette er renessansens dekorative former, formidla gjennom 1600-talets inn-haldsrike og fargesterke kyrkjedekor.

Kiste frå Huglo, måla i 1820 av Gunder Gundersen Handeland. Detalj av lok.



*Den vakre prestegarden på Fjelbergøya ligg nokre minuttars gange opp frå fjorden, i eit tett tun med kyrkja sør for hovudbygningen og bispestova mot nord; eit sjeldsynt harmonisk anlegg.*



Kyrkja frå 1722 ligg til venstre i tunet, bispestova frå 1730 i midten og hovudbygningen til høgre. Bilete frå 1990-talet

FJELBERGKYRKJA og prestegarden låg tidlegare som sentrum i ein stor region. Fjelberg prestegjeld omfatta også Halsnøya, delar av Sveio og Bjoa i Ølen, og det var dette prestegjeldet som vart utgangspunktet for kommunane Fjelberg og Eid i 1837. Så lenge fjorden var viktigaste ferdsleåra, var Fjelberg eit naturleg midtpunkt.

Stavkyrkja på Fjelberg vart truleg bygd på 1200-talet. Tømmerkyrkja, som står i dag, vart reist i 1722. Prestegarden er omtala første gong i 1561, men det er uvisst om mellomalderens prestebustad låg på same stad som i dag. Hovudbygningen skal vera bygd i 1818 av presten A.M.

BRUUN, som flytta saman «to uhyggelige stuer» under eitt tak. Den eine var «Almuestuen», truleg frå 1650-åra. Midt på 1800-talet bygde sokneprest og stortingsmann LAURENTIUS STUB KOREN til fire rom på baksida. Taket vart heva og fekk pultark mot vest.

Bispestova skal vera frå 1730. Det er ein tohøgda bygning, i slekt med langlofttypen, med innkledde svaler mot tunet og i austgavlen. I ei rekkje mot nord ligg stabbur, eldhus, skykkje og uthus.

Fjelberg prestegard er i dag sett i stand som seminarstad, og arbeidsstad for kunstnarar. □

## ⚔ FJELBERG

FJELBERG er avleidd av fjol-byrjan: «staden med mange slags bør» – kaste-vindane som kjem frå Borgund-nuten. Borgund i BORGUNDØYA inneheld ei av-leiing av borg, her helst i tydinga «berg, høg».

## KYSTRØYSAR PÅ HALSNØYA

I utmarka på Sydnes, frå Skifteneset lengst sør på øya til Kikavika, ein kilometer nord for ferjekaien, ligg ei rekkje på 15 gravrøysar. Dette er ei av dei største og mest karakteristiske samlingane av kystrøysar som finst i Hordaland. Dei finst så å seia på kvart einaste nes, gjerne på ein liten knaus eller bergknatt ut mot sjøen. Fleire av dei er lett synlege frå sjosida, slik meininga med dei opphavleg var. Andre er tilgrodde med skog og kratt. Somme av røysane er runde av form, opptil 12–15 m i tverrmål. Andre er langstrekte, nokre få meter breie, men opptil 40 m i lengd. I nokre av røysane er gravkister av stein synlege. I ei skal det vera funne eit sølvkrus, i ei anna eit leirkar, i ei tredje ubrende menneskebein, men ingen av desse funna er komne inn til noko museum.